

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Olav Grov  
Arkivsaksnr.: 20/1800

Arkiv: 252 U3

---

## **Digital Etikett AS. Finansiering**

### **Rådmannen si tilråding:**

Digital Etikett AS får eit tilskot stort kr 75.000 til utviklingsarbeid i samband med større investeringsprosjekt ved verksemda. Tilskotet vert finansiert ved posten Bedriftsutvikling.

## **Saksutgreiing:**

### **Prenta vedlegg:**

**Uprenta vedlegg:** Søknad

### **Samandrag:**

Digital Etikett er ei av dei viktige industribedriftene i Luster kommune. Verksemda er i stadig utvikling og vekst. Digital Etikett er i ferd med å gjennomføre ei ny strategisk investering for å ligge i nasjonal og internasjonal teknologifront.

Digital Etikett søker finansiering av utviklingskostnader i samband med satsinga.

**Utval som har vedtaksmynde:** Næringsutvalet

### **Fakta:**

Digital Etikett er ei av dei viktige industribedriftene i Luster kommune. Verksemda er i stadig utvikling og vekst. Digital Etikett er i ferd med å gjennomføre ei ny strategisk investering for å ligge i nasjonal og internasjonal teknologifront. Sjølv om mange verksemdar har opplevd store utfordringar no i 2020 etter koronakrisa nådde oss, har Digital Etikett greidd å halde oppe og auke produksjonen. Så langt i 2020 har verksemda hatt ein vekst på 40% samanlikna med 2019. Digital Etikett hadde eit godt resultat i 2019 på 1.3 mill kr. Dette kjem etter store investeringar i 2018 og 2019 på til saman 24 millionar kroner.

Digital Etikett si nye satsing på utviklingsinvestering beskriv dei slik:

*Denne søknaden går på innovasjon av nye forretningsområde og nye marknader samt effektivisere og sikre produksjonen for framtida. Det er ei langsiktig satsing for å auka konkuransekraft for DE !*

*Det er i ferd med å komme ny teknologi som Digital etikett planlegg å investere i og gjere dei nødvendige tilpassingar til våre produkt og våre marknader. Grunna svak krone og korona er dette krevjande, men opplagt eit strategisk grep som vil posisjonere Digital Etikett både nasjonalt og i internasjonale marknader.*

*Ei slik satsing der DE vil vere først i Skandinavia vil både styrke bedrifta og gje grunnlag for fleire nye tilsette.*

*Det er ferdiggjering av etikett som er tema. Dagens løysing er i ferd med å bli utrangert av nye teknoloigske løysingar, og me vil være mellom dei første i Europa til å investere i dette og utvikle det mot vår bedrift.*

*Det handlar om det som før vart gjort konvensjonelt med plater, varme og lakk, no skal gjerast med ny Ink Jet teknologi. Det er integrert print, i staden for konvensjonelle plater og lakkering som i dag. Dette vil effektivisere vår prosess med opptil 70%! Som igjen vil åpne for nye markeder og kunder!*

Det er ei stor satsing Digital Etikett vil gjennomføre. Verksemda har god dialog med Innovasjon Norge som går inn med kr 1.4 mill i tilskot til prosjektet. Det er planlagt å nytte minimum 500 timar i verksemda til utvikling i samband med satsinga. Det er

timeverk knytt til opplæring i nye produksjonsmetodar og ny teknologi (100 timar), testproduksjon og lansering (200 timar) og arbeid mot nye marknader (200 timar). Med ein timepris på 500 kr, vert det ein kostnad på til saman 250.000 kr. Digital Etikett søkjer om 30% i tilskot av desse kostnadene frå Luster kommune. Den totale kostnaden for heile prosjektet er kr 7.250.000 kr.

Finansieringsplanen vil då sjå slik ut:

Eigenkapital	1 mill kr
Tilskot Innovasjon Norge	1.4 mill kr
Lån Luster sparebank	4.6 mill kr
Utviklingstilskot Luster	0.075 mill kr

Dette er også berekraftig satsing. Verksemda skriv slik:

*Bærekraft er viktig for utviklinga av Digital etikett, bedrifta har motteke prisar nettopp for sitt fokus på bærekraft. Dette vil absolutt være eit meir bærekraftig anlegg med mindre forbruk av stål, magnesium og frakt. Her vil me bli 100% sjølvforsynt og ha alt i huset! Me vil bli svært fleksible!*

*Teknologien vil også være til for å tilby baksidetrykk for små og mellomstore bedrifter, då dette pr i dag er forbundet med store serier og dyre oppsett, derav blir det få små og mellomstore bedrifter som bruker denne typen etikett. Samt at me skal auke produksjon av plastfilm, der sluttkunde kan kjøpe det han treng når han treng den. Ikkje som i dag med store volum og mykje svinn for sluttbrukar*

*Dette ligg også i linje med vår strategi på eksportmarkedet. Å vere først ute i Skandinavia med desse teknologiske løysingane vil åpne porten for svært mange potensielle nye kundar og vidare vekst og auka konkuransekraft av DE!*

#### **Vurdering:**

Digital Etikett er i god utvikling. Dette prosjektet er eit nytt viktig steg for bedrifta. Dette vil både styrke konkurransekrafta til Digital etikett og føre til at bedrifta har behov for 2-3 nye tilsette, i dag er dei 15 tilsette. Luster kommune var inne med eit tilskot til marknadsutvikling på kr 150.000 i 2018 i samband med dei store investeringane selskapet gjorde. Dei har eit lån i næringsfondet til eigedomsselskapet knytt til bygging av produksjonslokale, dette var opprinneleg kr 4.650.000, no nedbetalt til 3.2 mill kr.

Rådmannen er nøgd med at Innovasjon Norge deltek monaleg til finansieringa, og tilrår eit utviklingstilskot stort kr 75.000.

Dato: 27.05.20

Jarle Skartun  
rådmann

Olav Grov  
Næringsjef

---

Særutskrift skal sendast: [kjetil@digitaletikett.no](mailto:kjetil@digitaletikett.no)  
m/kopi til:  
Berit Tandle Kroken, her